

Møteprotokoll

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Måløy vgs
Dato:	10.03.2020
Tid:	08:30-15:15.

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Pilskog	Leiar	Lo
Ove Kjøllesdal	Nestleiar	NHO
Kari Daltveit	Medlem	LO
Jill Hellem	Medlem	YS
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Björg Simlenes Nguyen	Medlem	Virke
Jasmin Eminovic	Medlem	UNIO
Lillian Vabø Mongstad	Medlem	Kons.med.Oppl.kon
Sonja Øvre-Flo	Medlem	OppKo
Kine Bratli Dale	Medlem	Nærna
Signe M.K. Birks	Medlem	Lærlingerepr.

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tom Knudsen	Medlem	NHO

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ann-Kristin Kristoffersen	Tom Knudsen	NHO

Merknader

Fellesmøte med hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Bekka Skaasheim	Assisterande fylkesdirektør for opplæring
Linda Farestveit	Seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Kent Teigen Måren	Seksjonsleiar kvalitet/opplæring/opplæringsavdelinga
Merethe Helland Nordnæs	Seniorrådgjevar/møtessesekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 2/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 3/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 27.01.2020	2019/130	
	Referatsaker		
RS 4/20	Godkjende lærebedrifter i perioden 1.1.-29.2.2020	2020/42820	
RS 5/20	Godkjenning som opplæringskontor	2020/42867	
RS 6/20	Status - oppmelding prøvenemnder	2020/42867	
RS 7/20	Kursing av faglege leiarar og instruktørar	2020/42867	
RS 8/20	Kursing av prøvenemnder	2020/42867	
	Politiske saker		
PS 4/20	Fagbrev på jobb	2020/41026	
PS 5/20	Fullmakt frå yrkesopplæringsnemnda til fylkesrådmannen	2020/42567	

Godkjenningssaker

GK 2/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Signe Birks, lærlingerepr., stilte spørsmål om Marcus H. Våge hadde fått innkalling til dette møtet.

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent med merknaden ovanfor.

Orienteringar: (felles med hovudutval for opplæring og kompetanse:

- Innføring i strukturer i fag- og yrkesopplæringa, frå vidaregåande opplæring til fagskule.
- Utfordringsbilete for fag- og yrkesopplæringa i Vestland.
- Søkjartal til opplæring i skule og bedrift, arbeidet med sak om justering av opplæringstilbodet.
- Presentasjon av ungdomsbedrifta *Framflyt*
- Maritim satsing

Omvisning maritim avdeling og fagskulen.

Roger Pilskog, leiar: orienterte kort om at det har kome ein invitasjon frå Norsk Hydro.

Bekka Skaasheim, direktør: Det kan verte aktuelt med eit ekstra-møte i yrkesopplæringsnemnda, eventuelt at møtedatoen for møtet den 31.03.2020 vert endra.

GK 3/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i yrkesopplæringsnemnda 27.01.2020

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Det vart meldt inn at Johan Johansen ikkje er varamedlem for lærlingerepresentantane, men varamedlem konsultativt opplæringskontor.

Ove Kjøllesdal, NHO, gjorde merksam på at i protokollen frå møte den 27.01.2020 i PS 1/20 går det fram at Roger Pilskog, LO, er vald som leiar av yrkesopplæringsnemnda og Ove Kjøllesdal, NHO, er vald som nestleiar av yrkesopplæringa. Det riktige skal vere at Roger Pilskog, LO vart vald som leiar av yrkesopplæringsnemnda i 2 år og at Ove Kjøllesdal, NHO tek over som leiar etter 2 år. Roger Pilskog tek då over som nestleiar. (Dette etter forslag frå NHO.)

Vedtak

Med desse merknadene vart protokollen frå møte i yrkesopplæringsnemnda den 27.01.2020 godkjend.

Referatsaker

RS 4/20 Godkjende lærebedrifter i perioden 1.1.-29.2.2020

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 4/20 vart referert.

RS 5/20 Godkjenning som opplæringskontor

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 5/20 vart referert.

RS 6/20 Status - oppmelding prøvenemnder

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 6/20 vart referert.

RS 7/20 Kursing av faglege leiarar og instruktørar

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 7/20 vart referert.

RS 8/20 Kursing av prøvenemnder

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

RS 8/20 vart referert.

Politiske saker

PS 4/20 Fagbrev på jobb

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.
3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette på vegne av NHO, LO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, konsultativt medlem av opplæringskontor og læringerepresentant fram slikt forslag:

Forslag til vedtak pkt 4:

«Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov.

Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag. Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheitar for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.
Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.
3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.
4. Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag. Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheitar for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

PS 5/20 Fullmakt frå yrkesopplæringsnemnda til fylkesrådmannen

Forslag til vedtak

Fylkesdirektøren rår yrkesopplæringsnemnda til å gjere vedtak om delegering av mynde i tråd med §12-4 i opplæringslova.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Avrøysting

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Yrkesopplæringsnemnda gjer vedtak om delegering av mynde i tråd med §12-4 i opplæringslova.